

Oppfordrar kulturskulane til å løfte kravet om stimuleringsmidler under valkampen

Norsk kulturskoleråd har sterkt fokus på stimuleringsmidler til kulturskulane. Fylkesavdelinga Norsk kulturskoleråd Vestland oppmoder kulturskulane i fylket – gjerne ved brukarutval – til å løfte saka i sin kommune under valkampen før stortingsvalet 13. september.

13. oktober vert statsbudsjett 2022 lagt fram. Det fylkesstyret oppmodar til, er at kulturskulane inviterer stortingskandidatar til din kulturskule / kommune før valet og løft fokus på stimuleringsmidler.

Her er nyhetssaker frå 25.05.2021 og 18.08.2021 som de kan nytte i ein presentasjon for ein eller fleire stortingskandidatar:

- [Stimuleringsmidler til utvikling – stortingskomitéer har fått «stimuleringsmidleravklaring» fra Kulturskolerådet.](#)
- [Kulturskoledebatt: Politisk enighet om at statlige, søkbare stimuleringsmidler er en bra ting.](#)

Politikarane som tok del i debatten under Arendalsuka skal fremme dette for sine partimedlemmer, som kjem på Stortinget og for nyvald regjering. Det er ikkje sjølv sagt at det vert sett av stimuleringsmidler før endeleg statsbudsjett er vedteke.

Fylkesavdelinga oppfordrar kulturskuleansette til å sjå kortfilmen [Oppdag kulturskolen.](#)

– Politikarane har gjerne fullt program på dagtid, så legg gjerne opp til en time eller ein halvtime om ettermiddagen i kulturskulens regi, seier Astrid Aarhus Byrknes, styreleiar i Norsk kulturskoleråd Vestland.